

Alt er i rute til den store nasjonaldagen på torsdag.

15.05.2018



Spring og kjøp 17. mai program.

Det lovar godt med veret. Barnehagen og skulen jobbar 17. mai og øver på song og gode innslag i Folketoget. Skulemusikken og muskklaget ligg i hardtrening med innøving av marsjar og nasjonalsongane. Med andre ord: Alt er i rute og det er berre å venta på salutten presis klokka 07.00. Men: Hugs flaggheising klokka 08.00

Barnehagen har jobba dugnad med å laga 17. mai pynt og dekorasjon. Dei har prøvd seg på å gå i tog og øvd inn 17. mai rop. Alle i barnehagen gler seg til torsdagen og vil at alle skal få ei strålande 17. mai feiring.



Uskedal musikklag sviktar ikkje. Bilete syner den siste øvinga før nasjonaldagen på torsdag.

Uskedal musikklag med sine tilårskomne medlemmer er på plass ved Bautasteinen straks etter gudstenesta er ferdig. Musikklaget spelar marsjar slik det skal vera på ein nasjonaldag. Musikklaget vert også med i Festprogrammet i Aktivitetshuset på ettermiddagen. Det same gjer Skulemusikken. Av to korps i bygda er det Skulemusikken som spelar i Folketoget.



Barnehagen har jobba 17.mai og er godt førebudde til torsdag.

Det er alltid stor interesse til kva som vert tema i talen for dagen v/ Signe Schineller. Det same må vi sei om minnetalen til 10. klassingen Viljar Simonnes Tveit på Stemneplassen.

Røysterett for Alle har det alltid travelt på nasjonaldagen med song i to bygder,- Uskedalen og Herøysundet. Ikkje alle bygder har eige songlag, men det har faktisk Uskedalen hatt i 30 år og det utan pause.

17. mai programmet er lagt ut for sal. Her finn du nøyaktig oppsett med klokkeslett og titlar på programinnslaga.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Ann Irene Sæle/ Jarle Saghaug



Vakker dekorasjon laga i barnehagen.